



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1
Adresseliste

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2018/4196 433.52 14.12.2018

Jakt på gaupe i region 1 i 2019. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.

Saksframlegg frå sekretariatet

Sak 10/2018: Jakt på gaupe i regionen i 2019. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Saksopplysningar

Faggrunnet er noko usikkert sidan familiegrupper av gaupe blir registrert/talt opp i perioden 1. oktober til 28 (29) februar. Registreringane er avhengig av gode sportilhøve og for region 1 er det sjeldan stabile tilhøve før nyår. Bestandstala for heile landet kan difor endre seg frå i dag og til gaupejakta startar 1. februar 2019.

Tal frå Rovdata viser at gaupebestanden er svakt på veg oppover i høve dei siste åra. For 2017 var tal familiegrupper før jakt rekna til 55,5. I tal tyder dette om lag 330 individ. For 2018 er talet på familiegrupper 57,5 (ca. 340 individ), og for 2016 var det 52. Det nasjonale målet er på 65 familiegrupper. Rovdata reknar med at det vil vere om lag 62 familiegrupper i heile landet før jakta i 2019. Det er likevel sjette året på rad at bestanden i landet er under bestandsmålet på 65 familiegrupper. Det ble felt to gauper under jakta i 2018, ein hann på Voss i Hordaland og ei ho i Audnedal i Vest-Agder.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Aleksander Øren Heen
Naddvik, 6885 Årdalstangen
Telefon: 91134842

aleksander.heen@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/sfj>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

På Raudlista over trua arter er gaupe plassert i kategorien sterkt trua. Hovudgrunnen var (i 2014) tilbakegang i Sverige som betyr mindre innvandring til Noreg. Etter denne tid har bestanden i Sverige auka noko og er på 204,5 familiegrupper sist vinter. Dette er ein familiegruppe mindre enn i fjor. Totalt er det ca. 340 gauper i Noreg og ca. 1200 i Sverige.

I region 1 er det ikkje fastsett nasjonale mål for gaupe, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskriften skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unntak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf, forvaltingsplanen. Rovviltnemnda har i fleire år vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen. Jakttida er i februar og mars.

Vurdering

Sjølv om det ikkje er registrert familiegrupper i region 1, finst gaupe spreidd innafør regionen og skadepotensialet er stort i regionen. Sekretariatet vil rå til å halde fram med kvotefri jakt i heile regionen. Bestanden er liten, og det er i hovudsak streifande hanndyr som blir felt. Uttaket vil uansett vere lågt og vil ha minimal innverknad på utviklinga i den nasjonale gaupebestanden.

I rovbasen er det ingen registrerte observasjonar av gaupe i region 1 frå perioden etter jakta (1. april) i 2018 og fram til d.d.

Naturmangfaldlova § 8 viser til at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon. Kunnskapen om bestanden av gaupe i Noreg er god, og er etter vårt syn, tilstrekkeleg til å kunne fastslå at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha avgjerande verknad på det nasjonale bestandsmålet. På grunnlag av den spesielle forvaltningsmessige situasjonen som region 1 har, utan fastsett bestandsmål for gaupe, finn vi at naturmangfaldlova § 9 -12 og § 16 ikkje krev særskilte vurderingar her.

Framlegg til vedtak

- 1. Rovviltnemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2019. Jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i viltlova med tilhøyrande forskrifter.*
- 2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Fylkesmannen. Felte dyr skal dessutan framsynast til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.*
- 3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstreiskap. Bruk av fangstreiskap krev godkjenning frå Fylkesmannen.*
- 4. Rovviltnemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.*

Rovviltnemnda hadde saka føre i telefonmøte 14.12.2018. Frå nemnda deltok Aleksander Øren Heen, Gunvor Birkeland, Helen Hjertaas, Helge Nævdal og Aase Simonsen.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Rovviltnemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2019. Jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i villlova med tilhøyrande forskrifter.*
- 2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Fylkesmannen. Felte dyr skal dessutan framsynast til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.*
- 3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstreiskap. Bruk av fangstreiskap krev godkjenning frå Fylkesmannen.*
- 4. Rovviltnemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.*

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Aleksander Øren Heen
Leiar
Rovviltnemnda for region 1
91134842



ROVVILTNEMNDA I REGION 1
Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i Region 1

Foreningen våre rovdyr: fvr@fvr.no

WWF Norge: wwf@wwf.no

Norges Miljøvernforbund: nmf@nmf.no

Statens Naturoppsyn Hordaland og Sogn og Fjordane

Statens Naturoppsyn Rogaland og Vest-Agder

Fylkesmennene i Region 1

Klima- og miljødepartementet

Miljødirektoratet

Mattilsynet region sør og vest

Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane sau- og geit

Vest-Agder sau- og geit

Agder Bondelag

Rogaland sau- og geit

Rogaland Bondelag

Hordaland sau- og geit

Hordland Bondelag